

sjølvstende



e i september i år. Foto: Ako Rasheed / Reuters / NTB scanpix

dag ved teikneborda i Moskva og Washington.

President Erdogan har – som eg nemnde i førre artikkel – ein framtidsdraum, han òg: å utvide Tyrkia slik landsfader Atatürk planla i 1920. Invasjonen i Idlib-provinsen i Syria for nokre dagar sidan er førebels det siste trekket. Skulle Erdogan nå målet sitt i Irak,

blir olje- og gassfelta ved Kirkuk innlemma i Tyrkia. Han kjem ikkje langt på den vegen utan konflikt med regjeringa i Bagdad. Da kan det vere lettare å få president Barzani til å godta at den nye staten hans nesten blir ein ny tyrkisk provins. Leiaren i det ekstreme høgrepartiet MHP i Tyrkia er for ei slik løysing.

For meg ser Sør-Kurdistan ut som ei kruttønne. Millionar i Syria og Irak lir etter seks år med krig og terror. Ingen ønskjer ny krig. Men naturressursar i ufattelege mengder er i spel. Barzani vil forhandle med Bagdad for å få ein liten kurdisk stat. Men desse forhandlingane kan i seg sjølv, og uavhengig av resultatet, utløyse nye konflikhtar. Vil nokon blåse liv i ideane om å dele resten av Irak i ein sunnistat og ein shiastat? Fleire enn Israel vil like det. Skal jesidiane få eit reelt sjølvstyre i Shengal, nær grensa mot Syria? Kort sagt: Kan Barzanis kamp for eit lite Kurdistan få nye konflikhtar til å blusse opp og i verste fall utløyse krig?

KOR LENGE VARER DET?

Økonomisk krise, arbeidsløyse, lønssnedslag og fattigdom er like ille eller verre enn sist eg var her. Det er stille på byggeplassane, bortsett frå eit og anna luksusprosjekt. Med folkerøystinga har «president» Barzani fått mange til å rette

blikket mot dei ytre fiendane og vekk frå kvardagsspørsmåla han ikkje løyser: No må vi alle samle oss bak Barzani.

Kanskje var det ikkje tilfeldig at han la folkerøystinga fem veker før valet på president og parlament? Dette kan hjelpe Barzani på valdagen. Han kan få reint fleirtal. I så fall er spørsmålet kor lenge det kan vare. Barzani-familien og andre med makt plasserer ein ukjend, men stor del av oljeinntektene på ukjende bankkonti og i eigedom i utlandet. Eg trur tida vil renne ut for eit regime som ter seg slik i staden for å utvikle industri og anna næringsliv i dette rike landet. Barzani-perioden er på hell, sjølv om det i dag ikkje finst ein sterk opposisjon som folk har tiltrutt til.

Eg trur ein liten kurdisk stat kan vere mogleg – viss Barzani legg vekk solospelet og satsar på samråd med partia i dei andre delane av Kurdistan. Barzani må velje: tettare allianse med Tyrkia eller tverrpolitisk kurdisk samråd. Satsar han på Tyrkia, vil mange sjå det som eit svik mot Kurdistan. Fleirtalet i folkerøystinga sa ja til sjølvstende òg, ikkje til å bli eit lydrike under Tyrkia.

Erling Folkvord er tidlegare sosialarbeidar og representant for Stortinget og i Oslo bystyre for partiet Raudt.



Jamal Muhammed var peshmerga for Patriotisk Union Kurdistan og partileiar Jel Talibani. Foto: Erling Folkvord



Fokuset for det hemmelege møtet i Ørsta skulle vere kunnskapsauke, bygd på bibelen. Illustrasjonsfoto: Gorm Kallestad / NTB scanpix

«Du er skeiv!»

Førre veke freista kristne på Sunnmøre å kalle inn til eit hemmeleg møte om homofili.



— Du er skeiv! Jenta ropar over støyen frå miksebordet på Rokken, studenthuset i Volda. Eg har ikkje snakka med henne før, og smiler til henne over ølglaset mitt. Eg tenkjer meg om. Er det fordi eg har ring i nasen? Opp til fleire i øyra? Eller kanskje kan det vere fordi eg held fram med å barbere bort håret på den eine sida av hovudet lenge etter at det slutta å vere trendy?

– Er eg det?
Ho nikkar. Tek att påstanden ein gong til.

– Du er skeiv.
For to veker sidan fekk det kristne miljøet i Ørsta og Volda på Sunnmøre brev med invitasjon til eit seminar om homofili. Møtet skulle haldast i løyndom. Det skulle ikkje kunngjerast i aviser eller på sosiale medium.

«I seminaret vert det høve til spørsmål og samtale, men det er ikkje ein arena for sterke meiningstyringar eller debatt. Fokuset vårt er kunnskapsauke, bygd på Bibelen», heiter det. Han som skulle tale for den kristne forsamlinga, er sjølv homofil og kristen, men har valt å leve åleine. Brevet hamna sjølvstilt både i avisa og på Facebook



Du er skeiv! sa jenta på Rokken. Foto: Darryl Dyck / AP / NTB Scanpix

innan nokre timar. Og få dagar etter, var møtet avlyst.

Då eg las saka om seminaret i lokalnyhenda, forsvann auga mine bakover i skallen og handflata kolliderte med panna mi med éin gong. Eg var samd med mannen som først publiserte brevet han hadde fått i posten på Facebook: «Dette er 2017. Dette er året etter sesong 3 av SKAM», skreiv han.

Men veit vi *eigentleg* kva dette hemmelege møtet i Ørsta skulle gå ut på? Sjølv om møtet skulle haldast hemmeleg; *veit vi* at dette skulle vere eit møte mel-

«Vi må tole at vi er usamde.»

lom homofiendtlige erkekristne? Jau, valet av talsmann kan verke uheldig. Dei kan då verkeleg ikkje meine at homofile kristne skal leve i sølibat, tenkte eg. Og det er suspekt at møtet måtte haldast hemmeleg. Men *veit vi* at det utgjorde ein slik trussel at det måtte avlysast? Det er lett å tru det. Men det er ikkje sjølvstilt at det er *rett*.

Øverland skreiv rett nok ikkje om homofile den gongen han meinte vi ikkje måtte tole så inderleg vel, men skal vi få alle kristne til å endre meining om homofili, må Bibelen omskrivast. Då det kom framlegg om felles Pride-arrangement for Ørsta og Volda som svar til det hemmelege møtet, såg eg smilande føre meg regnboge parade opp fjellsida mot Rotsethornet. Neonsminke, fjellsko og meir openheit. Om dei kristne i Ørsta og Volda berre vil auke kunnskapsnivået, må dei vere tydelege på kva dei vil lære. Men om vi vil nekte dei å samlast for å snakke om homofili i lys av eiga tru, er vi noko betre då?

Vi må tole at vi er usamde.